



OSTERØY IDROTTSLAG

Årsmelding for turngruppa til Osterøy Idrettslag.

1981

Turngruppa til Osterøy Idrettslag har også i 1981 hatt eit godt arbeidsår, med stor aktivitet både blant gutar og jenter. Me har hatt tre styremøte- alle leia av formannen Jostein Hagebø.

Med i styret har vore:

Formann: Jostein Hagebø.

Kasserar: Solveig Hagebø.

Sekretar: Kirsten Varden.

Styremedlemer: Agnar Jacobsen og Terje Solberg.

Turngruppa har hatt i sving eit guteparti, tre jenteparti og eit mosjonsparti for vaksne- begge kjønn. Tilsaman 110 deltakarar. Desse har vore instruktørar: Agnar Jakobsen, Kjell Røiseth, Jostein Hagebø, Eva Hannisdal, Kari Vik, Eli Vevle, Marit Vevle og Kirsten Varden.

Vårsemesteret var særleg aktiv, då både gutar og jenter deltok i mange ulike arrangement. To av gutane, Helge Selvik og John Rongved deltok alt 29.1.81 i ein apparatkonkurranse i turn i Haukelandshallen. Begge gjorde hedèrlig innsats.

I mars månad var det lagskonkurranse på Hatland, og i april var det sonefinale- " Hordiade " arrangert av Lindås Idrettslag. Her var det to klassar - ein for gutar og ein for jenter. Tre av gutane til Osterøy - Mads Elvik, Helge og Øystein Selvik gjekk vidare til Fylkesfinalen i Bergen og Hordaland Idrettskrets- arr. i Åstvedthallen 13.juni d.å. Mads Elvik oppnådde her ein fin plassering - 4.plass samanlagt i matte og hopp-øvelsar.

Helge Selvik og Mads Elvik deltok på Turnforbundets leir på Soma- der det var deltakarar frå Ålesund til Arendal.

Jentene har delteke på ulike treningssamlingar i Haukelandshallen- alle e r treningssamlingar for tropp. Dei hadde også ein tur til Lindås Idrettslag og trente saman med deira grupper.

Jenter 13-16 år konkurrerte i Turniade for tropp - i år arr. av Salhus Turn og Idrettsforening. Her vart dei nr 2 etter ein hard og jevn duell med Hovding, som vart nr. 1.



OSTERØY IDROTTSLAG

2.

Til Bergen reiste jenter 7-9 år 3.mai på turnstemne- saman med Kari Vik -trenar, hjelpeinstruktørar og foreldre. Refereenten har fått greie på at det var gøy. 1100 born deltok, og av desse hadde Osterøy 10-15 jenter.

Resten av jentene - ca. 30 stk.- 10-16år, reiste til Husnes med buss i juni for å delta på turnstemne. Nydeleg ver, godt humør, flinke gymnastar og soveposar på hardt tregolv, gjorde at det ikkje berre vart gymnastikkprogramma og oppmarsjen ein hugs.

Laurdag 27. juni hadde jentepartia på ny turnoppvisning på Hatland, med pløstikk som underlag på grusbana.

I haust starta vi opp att måndag 21.9. Interessa er stadig aukande, det minste jentepartiet har 41 påmelde, 10-15 nye gutar er på plass, så det ser ut for at rekrutteringa er i orden. Alt i sept. var Mads Elv Helge Selvik og John Rongved på samling i Åstvedthallen for ivrige gutegymnastar.(konkurransen.) Vaksengruppa aukar svært- vi har no ein aktiv flokk på 20 medlemmer.

Partia vert elles drivne litt ulikt- med øvelsar i hopp,ringar,ballspematter, gymnastikk etter musikk, individuell trening m.m. No er juleoppvisninga 14.12. første målet, samt å få inn elementære grunnøvingar for alle nye.

Instruktørane deltek jamnt og trutt på utdanningskurs arrangert av Hordaland Turn- og Idrettskrets. 4 av dei faste instruktørane tek sikte på å fullføra b-kurs vårhalvåret 1982. Teoretisk del med skriftleg eksamen er avlagt.

Turngruppa har pr. dags dato ein kontantmedel på ca. 5000,- kr. Gruppe er i framgang både kvantitativt og kvalitetsmessig i det ein framfører som gruppe og einskildpersonar.

Lonevåg, 17.11.81

Kirsten Varden
Kirsten Varden
-trenar-sekr.-

Rekneskap for Osterøy Idrettslag, Turngruppa pr. 10.11.81.

Kassabeh. pr. 1/11-80		kr.	406,75
I Saprebanken " "		"	4.947,32
20. Adm. utgifter	kr.	215,55	
21. Startkont.forsikr.	"	3.079,-	
23. Utg.til idrettsmateriell	"	721,95	
25. " " trening instruksjon	"	4.064,-	
26. Reiser	"	2.017,-	
30. Inntekter v/idrettsarr.	"	694,60	
31. " " v/ikke "	"	1.125,-	
32. Tilskudd frå hovedkassen	"	7.000,-	
33. Div. inntekter	"	545,95	
Medlemspenger	"	5.110,-	
I kassen 10.11.81.	"	106,80	
I bank " " "	"	9.625,32	
	kr.	19.829,62	" 19.829,62

Lonevåg, 10.11.81.

Solveig Hagelø



OSTERØY IDROTTSLAG

Turngruppa sitt styre er slik samansett etter årsmøtet 13.11.81:

Formann : Kirsten Varden.

Kasserar: Solveig Hagebø.

Sekretær: Kjell Røiseth

Styremedlemer: Agnar Jakobsen, Eva Hannisdal.

Varamenn: Marit Vevle og Linda Skjerping.

Valnemd: Jostein Hagebø. Eli Vevle